

REDNINGSAKSJON STADEIGEN NATUR

2025



Naturverkstaden AS

Me fiksar naturen - bit for bit

PROSJEKTRAPPORT 2025

Våren 2025 fekk Naturverkstaden ansvar for prosjektleiing og koordinering av prosjektet *Redningsaksjon stadeigen natur* i Voss herad. Denne rapporten tek for seg korleis arbeidet vart utført, status i dei områda me har jobba og tankar kring det vidare arbeidet.

Temaplan for naturmangfald i Voss Herad

Voss herad har fått utarbeida ein temaplan for naturmangfald, vedteken februar 2025. I handlingsdelen er det peika på konkrete punkt og tiltak ein bør gjennomføra for å auka biologisk mangfald lokalt. Dette prosjektet svarar ut fleire mål i handlingsdelen, og er framheva i rapporten.

Tusen takk til Voss herad for høve til å lyfta naturmangfaldet gjennom praktisk arbeid med fjerning av framande artar i dette prosjektet.

Naturverkstaden vil òg retta ein stor takk til alle lag og organisasjonar som har delteke på dugnad gjennom sesongen – det er dei som gjer denne modellen vellukka.



MODELLEN

Prosjektet sitt føremål er å jobbe systematisk med fjerning av framande artar i prioriterte område og å fjerna enkeltførekomstar langa vegar og vassdrag for å hindra ytterlegare spreiding lokalt. I dei prioriterte områda har me arrangert ei rekkje dugnadar og engasjert grendamiljø gjennom Folkedalsmodellen.


Prosjektet er finansiert av Miljødirektoratet/ Statsforvaltaren i Vestland. I tillegg har Voss herad bidrege med dugnadsmidlar til lag og organisasjonar, og Voss naturvernlag har bidrege med midlar til servering under dugnadane.

Naturverkstaden har levert totalt 375 timar i to ulike prosjekt gjennom sesongen:

- 250 timar gjennom Redningsaksjon stadeigen natur
- 125 timar direkte til Statsforvaltaren, øyremerka Øvre Granvin og Granvindeltaet naturreservat.

Desse prosjekta er slått saman i denne rapporten.

Dei prioriterte artane for nedkjemping er hagelupin og kjempespringfrø. Desse artane er kategorisert til *svært høg risiko (SE)*, og utgjer ein stor trugsel for stadeigen natur i Voss herad. På neste side har me ein liten gjennomgang av desse plantane.



Kjempespringfrø

Kjempespringfrø er ei plante som kan verta mange meter høg og kan utvikla opp til 4000 frø på ei plante. I motsetnad til hagelupin, kan frøa berre overleve eitt til to år i jorda. Likevel er planta svært invasiv og fortrengjer andre artar der den får fotfeste. Planta likar seg der det er vått og etablerer seg ofte langs elvar og bekkar, i flommarkskog og åpne sletter, og har grunne røter, noko som gjer at det er fare for erosjon der den etablerer seg. På grunn av eit stadig varmare og våtere klima i framtida, er det vera viktig å få kontroll på planta, slik at den ikkje bidreg til erosjon og ras ved flaumar. Planta er eittårig.



Hagelupin

Hagelupin er ei flerårig plante. I Finland fann forskarar ut at område invadert av hagelupin reduserte mengda biller, maur, fluger og sommarfuglar med 46% (Ramula & Sorvari 2017). Hagelupin er kjend for å "ta over" områder, ved at den vert fullstendig dominerande. Den endrer økosystemet ved å tilføre nitrogen frå lufta som gjer jordsmonnet meir næringsrikt enn kva våre stadeigne markblomar likar. At den er populær mellom humlene gjer saken endå verre ved at andre markblomer ikkje vert pollinert. Frø frå lupin kan leve 50 år i jorda.



DUGNADAR OG DUGNADSMIDLAR

I løpet av sesongen har Voss herad delt ut kr. 100 000 til lag, organisasjonar og skuleklassar gjennom dette prosjektet. Naturverkstaden har hatt i oppdrag å forvalta desse midlane på vegne av Voss herad og har gjennom nettsida naturverkstaden.eco hatt ei ordning for påmelding til dugnadar. Ved oppstart av prosjektet vart det gjort eit godt stykke arbeid med å etablere kontakt med lag og organisasjonar. Det vart mellom anna sendt ut ein felles epost til alle lag og organisasjonar i heradet, med god respons.

Dugnadane har som hovedregel vart i tre timar, innleia med ein introduksjon til sjølve arbeidet og bakgrunnen for at me gjer dette – *det store bilete*. Halvvegs i dugnaden har me hatt pause med servering av kanelbollar som Voss naturvernlag har bidrege med midlar til.

Totalt tal dugnadstimar for lag/org er 667 timar. I tillegg kjem dugnadstimar frå Nedkvitne grendalag og Øvre Granvin grannalag som mottek SMIL- midlar frå Voss herad. Øvre Granvin grannalag mottek òg midlar frå Sparebankstiftinga Hardanger.



I 2025 har desse laga og organisasjonane motteke dugnadsmidlar frå Voss herad, og vore med på ein eller fleire dugnader med Naturverkstaden:

- Voss IL G13
- Voss Handballklubb J14
- FBK VOSS J19
- Røde Kors (ukrainske flyktningar)
- Kirkens Bymisjon Voss i Jobb
- Kyrkjestrondi og Espelandsdalen grendalag
- Todalen Velforening
- Voss skolemusikk
- Miljøagentane Voss/Bolstad
- Vossastryk/Fossekallen
- Voss elveklubb
- Vossadamene 2026 (russegruppe)
- Klasse 9D Voss ungdomsskule
- Klasse 9E Voss ungdomsskule
- Klasse 10B Voss ungdomsskule

På dei fleste dugnadane har det vore manuell luking. Kirkens bymisjon, som har vore med jamnleg gjennom sesongen har og jobba med ryddesag saman med Naturverkstaden.

Nokre dugnadsmidlar har vore delt ut til lag og organisasjonar som sjølv har teke initiativ til dugnadar. Her har dei rapportert inn timar og fått enkel rettleiing på korleis ein bør fylgja opp områda gjennom sesongen.

Naturverkstaden har ikkje kontrollert desse områda anna enn dialog med aktuelle lag.



At så mange tek kontakt for å vera med på dugnad, og ikkje minst at alle som har vore med har svart at dei ynskjer å delta igjen, gjer at me ser lyst på komande sesonger i dette prosjektet. Saman kan ein utretta mykje!

Dugnad med meining

Det er fleire vinnarar i prosjektet. Den største vinnaren er sjølvsgt naturen, men òg grunneigarar og lokalbefolkning som får hjelp til å ta nærnaturen tilbake. Arbeidet vert utført av lag, organisasjonar og skuleklassar- og dugnadsdeltakarane får både meir kunnskap om naturmangfald og framande artar, og samstundes midlar til lagsaktivitetar. I tillegg kjem det gode samhaldet ved å halda på utandørs i naturen. Nokon foreldre på ein dugnad no i september, kalla det så fint for *dugnad med meining*.

«Eit fantastisk tiltak der dugnad både er sosialt og lærerikt, og ungdom og foreldre bidreg i lag.»
- Dugnadsdeltakar frå klasse 9E



PRIORITERTE OMRÅDE

Frå handlingsdelen til Voss herad sin naturmangfaldsplan:

6. A. 2 **Setja i verk konkrete prosjekt i avgrensa område.**

Velja dei viktigaste områda å ta tak i. Velja dei viktigaste artane å ta tak i og leggja strategi for kvar einskild. M.a kjempespringfrø, lupinar, parkslirekne, oppdrettslaks og sjukdomsberande artar i vassdrag. Bidra til igangsettinga av konkrete tiltak. Belønna samarbeid på tvers av eigedomar. Følgja opp område over fleire år.

Naturverkstaden har jobba i følgjande område, prioritert av Voss herad og Statsforvaltaren:

- **Øvre Granvin/ Granvindeltaet naturreservat (kjempespringfrø)**
- **Almeland/ Nedkvitne (kjempespringfrø)**
- **Nordsida av Vangsvatnet (hagelupin)**

Prioriteringa av område har teke utgangspunktet i to spørsmål:

1. Står verna område, truga artar eller naturtypar i fare pga. framandartane?
2. Kva konsekvens kan det få for vidare spreining dersom ein ikkje reddar området frå framandartar? Dersom svaret på spørsmål 1 er "ja" og svaret på spørsmål 2 er "høg", må området prioriterast.



GRANVINDELTAET NATURRESERVAT

KJEMPESPRINGFRØ

Granvindeltaet vart naturreservat i 1995, og området er det einaste deltaområdet i Granvin. Med store myrareal og elvekanalar er området eit viktig trekk- og hekkeområde for våtmarksfugl i tillegg til vinteropphaldsstad for nokre artar. Granvindeltaet har i tillegg ein interessant flora grunna mellom anna næringsrike bergartar (*Miljødirektoratet, naturbase*). I tillegg er det eit veldig viktig område for sjøaure og villaks, med gode gyteforhold.

Ved prosjektstart fann med dei største førekomstane like utanfor naturreservatet, men og område med mykje planter i sjølve reservatet. Kring naturreservatet er det store førekomstar av kjempespringfrø, langs Storelvi heilt opp til Nesbø/Skjervet og langs heile Kattaråa. I tillegg er det store førekomster langs dyrka mark og vegkantar på flatene ved deltaet og oppe på Seim. Langs Kaldelokken er det nokon små førekomster av planta.



Det er lagt ned stor innsats gjennom sesongen både frå tilsette i Naturverkstaden, Øvre Granvin grannalag og andre lag og organisasjonar som har vore med på dugnad. Prosjektet er organisert med utgangspunkt i «Folkedalsmodellen», der området er delt inn i soner som er delt ut til einskildpersonar som har ansvar for å «vakta» sitt område. I tillegg vert det organisert dugnader, både med Øvre Granvin grannelag og lag/organisasjonar utanfrå. Til saman er det gjennomført 11 dugnadar i området, den største dugnaden var med heile 49 personar. Arbeidet har vore ein kombinasjon av lusing og maskinell slått med ryddesag og krattknusar.

Status i slutten av september er at det er kontroll på planta. Det står att nokre område som må etterlukast og dette arbeidet kjem til å pågå ut oktober med SMIL- midlar.

Vidare arbeid dei neste åra

Områda må fylgjast opp dei neste fire åra, hovudsakleg med lusing, men òg med ryddesag viss det kjem opp mange planter, eller der det er høg vegetasjon som gjer det vanskeleg å finna kjempespringfrøa. Deltaet ved Granvinsvatnet er eit fint område for dugnadsaktivitetar sidan det er lett tilgjengeleg, flatt og relativt enkelt å ferdast i. Ein bør vurderer å utvida prosjektet til å fortsetja arbeidet med å fjerna kjempespringfrø vidare nedover i vassdraget, mot Granvin sentrum.



ALMELAND/ NEDKVITNE


KJEMPESPRINGFRØ

Området Almeland/ Nedkvitne er eit prioritert område for arbeid med framande artar da det ligg i nærleiken av Lønøyane naturreservat. Lønøyane fekk vernestatus i 1995 som eit viktig hekke-, og trekkområde for våtmarksfugl, og er eit av dei mest artsirke innlandsdeltaene i gamle Hordaland (Miljødirektoratet, 1995).

I mange år har det vore populasjonar av kjempespringfrø både på Almeland og Nedkvitne, og ein er redd for spreining til naturreservatet og vidare nedover vassdraget. Det har kome inn meldingar om ein forekomst ved Voss vidaregåande skule. Får ein kontroll på planta her og hindra spreining vidare nedover har ein tatt knekken på det øvste kjende tilfellet av kjempespringfrø i Vossovassdraget.

Me starta sesongen med ein stordugnad i juni på Almeland med to idrettslag og nokre lokale krefter. Deltakarar frå grendelaget er involvert i arbeidet, og har jobba gjennom sesongen både på Almeland og Nedkvitne, med siste dugnad i august. Ein lokal bonde har fått SMIL-midlar frå Voss herad til å fjerna kjempespringfrø på Almeland og deler av desse midlene går til grendelaget for deira innsats.

På seinsommaren vart store deler av området på Almeland slått med ryddesag av ein lokal person gjennom SMIL-midlane, og Naturverkstaden gjennomførte ein dugnad etter dette. Naturverkstaden har i tillegg gått over dei framkommelege områda frå Almeland til Lønavatnet og luka gjennom sesongen. Me har òg gjennomført ei kartlegging langs Lønavatnet med kano og til fots frå Solstrand til Lønøyane naturreservat, utan å finna nye førekomstar.



Vidare arbeid dei neste åra

Dei komande åra vil det truleg vere nok med luking i desse områda, og eventuell noko bruk av ryddesag. Me tilrår å ikkje sprøyta noko då det gjer at ein ikkje kan luka, noko som me ser som mest effektivt dei komande åra. Det kan vere ein idé å involvere medlemer av golfklubben i ein felles stordugnad der me informerer om arten, og oppfordrar medlemene til å fjerna førekomstar kring golfbana gjennom sesongen.



NORDSIDA AV VANGSVATNET

HAGELUPIN

Deltaområdet på Grandane er eit svært viktig ferskvatndelta med sjeldne og raudlista plantar knytt til mudderbankar (Miljødirektoratet, 2003). Området er einaste prioriterte område for fjerning av hagelupin i Vestland på Statsforvaltaren sin tiltaksliste.

Langs nordsida av Vangsvatnet, frå Voss kulturhus til Svartenakken, var det ved oppstart store førekomstar av hagelupin. Voss herad har prioritert dette området delvis fordi det er i nærleiken av deltaområdet Gjernes - Grandane, og delvis fordi ein ynskjer å fjerna framande artar i friluftsområda i sentrum.

Voss herad har slått hagelupin gjennom sesongen på Grandane for å hindre spreiding her. Det er gjennomført fleire dugnadar frå Voss kulturhus til Svartenakken gjennom sesongen, både av Voss naturvernlag gjennom prosjektet *Eit villare Voss* (les om prosjektet [her](#)) og gjennom dugnadar arrangert av Naturverkstaden. Dagleg leiar i Naturverkstaden er òg prosjektleiar for *Eit Villare Voss*.



Totalt gjennom sesongen har Naturverkstaden gjennomført fire dugnader. I år er store delar av området rydda, både på Voss herad og Fleischer's sin eigedom, med god dialog med grunneigar her. Kirkens bymisjon har jobba sjølvstendig med lusing og ryddesag i fleire omgangar, med rettleiing frå Naturverkstaden. På slutten av sesongen vart Kirkens bymisjon og Naturverkstaden invitert til pizzalunsj på Fleischer's, som me håper vert ein årleg tradisjon dei komande åra.

Vidare arbeid dei neste åra

Det tek mange år å verte kvitt hagelupin, og ein kombinasjon av lusing og slått gjennom sesongen i fleire år er naudsynt for å redusere bestanden. For å utarme planta mest mogleg på Grandane er det difor viktig med lusedugnadar *før* Voss herad slår området. Me tilrår å halda fram med arbeidet med ein kombinasjon av lusing og maskinell slått på Grandane og Svartenakken - kulturhuset dei komande åra og årleg oppfølging etter prosjektet er avslutta.



FORMIDLINGSARBEID

- Frå handlingsdelen til Voss herad sin naturmangfaldsplan:
- 6.A.3 **Kunnskapsauke internt og eksternt.**
Behov for meir kunnskap om framandartar både på land og i marine område, både internt (mtp. slått og skjøtsel av grøne areal i heradet) og eksternt.
- Prosjektet har i tillegg til praktisk arbeid arbeidd med informasjons- og formidlingsarbeid knytt til naturmangfald og framande artar, mellom anna gjennom:
- Pressemelding ved oppstart (Avisa Hordaland)
 - Artikkel om stordugnaden i Øvre Granvin (Avisa Hordaland)
 - Foredrag før open dugnad med naturvernlaget sine medlemmer og Natur og ungdom
 - Foredrag før dugnad med ukrainske flyktningar
 - Faglunsj for Voss herad august 2025
 - Foredrag for heradstyret september 2025
 - Postkasseskriv til hageeigarar med observerte framande artar (100 stykk).
 - Presentasjon for NAV-tilsette i indre Vestland med moglegheit for å starta opp langstiktig tiltak for arbeidstrening
 - Presentasjon for integreringstenesta i Voss



FJERNING AV ENKELFØREKOMSTAR LANGS VEG OG VASSDRAG

Frå handlingsdelen til Voss herad sin naturmangfaldsplan:

6. A.1 **Prioritera område for kartlegging og tiltak.**

Framandartane spreier seg fort og fortrengr artar som høyrer til i heradet. Dei trugar naturmangfaldet og difor er det viktig å hindra spreining. Viktig å gjera ei vurdering av kva område i heradet som skal prioriterast for tiltak.

Enkeltførekomstar og nyetableringar bør prioriterast då gevinstane av å stogga spreining frå desse er størst.

I arbeidet med å fjerna enkeltførekomstar har me hatt fokus på hagelupin og kjempespringfrø, men har òg fjerna nokon førekomstar av honningknoppurt, skogskjegg og nokon førekomstar av kanadagullris. På grunn av store førekomstar av ulike framandartar i sentrumsområda har me prioritert områder utanfor sentrum med meir stadeigen natur. Framandarter her utgjer ein større trugsel for det lokale artsmangfaldet. Undervegs har me vurdert tidsbruken og ikkje stoppa der forekomsten er større enn 10 førekomstar. Me har arbeidd i fylgjande område:

Sørsida av Vangsvatnet

Palmafossen- avkøyrsele til Bjørke (artsrik eng ved Bjørke)

Kløve- Mjølfjell

Palmafossen- opp til Voss ski og tursenter

Mølster

Teigdalen

Granvin- Folkedal

Bordalen



Her er bilete av ein einsleg lupin funnen på veg inn i Teigdalen:

VIDARE ARBEID DEI NESTE ÅRA

Me tilrår Voss herad å ha ei heilskapleg tilnærming til arbeid med naturmangfald, nærnatur og framande artar dei komande åra.

Store førekomster av framandarter

Når ein arbeider med framandartar er det viktig at arbeidet går over mange år. Ein må vera like uthaldande som plantene for å få has på dei. I dei områda som er nemnde i rapporten er det naudsynt med systematisk arbeid og oppfølging dei komande åra for å utrydda framandarten. Etterkvart som ein får kontroll på eksisterande området vil det vera naturleg å utvida arbeidet utover/nedover vassdrag. Sjå framlegg til vidare arbeid under kvart område lenger oppe i rapporten.

Enkeltførekomstar/mindre førekomstar

Å hindra nye større område dominert av framande artar er viktig i det komande arbeidet og det er naudsynt med ein god plan for dette. Det bør vurderast å auka innsatsen til fjerning av mindre førekomstar, og også gjere ein vurdering av kva artar ein her bør fokusera på. Til dømes er det observert og fjerna nokre førekomstar av kanadagullris, ein svært invaderande art som ein ser mykje av på austlandet. Med tidleg innsats kan me unngå at den etablerer seg i stort omfang. Me tilrår Voss herad å etablera eit internt samarbeid på tvers av avdelingar knytt til framande artar. Tidleg innsats er viktig for å spare kostnader.



Naturmangfald og skjøtsel av vegkantar og kommunale område

Naturverkstaden deltok i møte med Voss herad før sommaren, der ulike avdelingar var representert. Temaet var mellom anna kantslått. Me tilrår Voss herad å gjere eit heilskapleg arbeid før komande sesong, med endringar i skjøtsel av vegkantar, parkområde og liknande der naturmangfaldet er i fokus. Framande artar, til dømes hagelupin, bør skjøttast tidleg med mål om å utarma planta, medan artsrike vegkantar med stadeigne markblomar bør slåast etter frømodning på seinsommaren. Kanskje bør ein laga til eigne kantslått- ruter som ein legg inn i eit årshjul. I parkområde bør ein planleggje for korleis skjøtsel kan vera til fordel for naturmangfaldet, til dømes ved å lata større område med kvit- og raudkløver stå att i bløminga. På denne måten kan ein skapa fleire viktige pollinatorvennlege område i sentrum og samstundes spare kostnader med å slå. Me har fått inn fleire meldingar om framandartar planta av Voss herad. Voss herad bør vera eit godt førebilete og fjerna framandplantar frå sine eigedommar.

Eit samarbeid med fylkeskommunen og med dei aktørane som slår vegkantar langs dei fylkeskommunale vegane vil òg vera ein fordel. Naturverkstaden hadde eit møte med Presis vegdrift og fylkeskommunen før sesongen, med spesielt fokus på fjerning av kjempespringfrø langs strekninga Granvin- Folkedal og Mosafinn. Me lukkast ikkje heilt med dette samarbeidet i år, men har håp om at det kan verta betre til komande år. Dess fleire hender som arbeider i same retning, dess betre.



Bos og avfallshandtering

Det er naudsynt med ein betre løysing for handtering av avfallet etter dugnadar. Med unntak av hjelp frå BIR på nokre dugnadar har me vore så heldige å få hjelp av Kirkens bymisjon, som løpande har teke på seg henteoppdrag. Før komande sesong tilrår me at Voss herad finn ei god løysing for henting av større mengder avfall, til dømes hagelupin og kjempespringfrø, gjerne med råd frå Miljødirektoratet og i samarbeid med BIR. Dersom det er aktuelt å nytta Kirkens bymisjon neste år er det viktig å avtala dette før sesongstart. Det er og ein fordel om ein kan finne ei løysing for levering av mindre mengder avfall i samarbeid med Voss herad, til dømes ved arbeid med enkeltlokasjonar. På den måten unngår me mykje køyring til Bjørke.



ANDRE VIKTIGE TILTAK

Naturverkstaden ser dette prosjektet som ein god start på Voss herad sitt praktiske arbeid med naturmangfaldet. Nedanfor listar me opp andre tiltak frå naturmangfaldplanen me tilrår heradet å jobba med som ei naturleg utviding av arbeidet med framande artar.

6. A. 3 **Kunnskapsauke internt og eksternt**

Ha dialog med lokale hagesenter og forhandlarar av hageplanter, om at dei fjernar artar med høg og svært høg risiko. Vurdera visuell kommunikasjon i offentlege rom med bilete av dei mest problematiske artane og enkel tekst

6. A. 5 **Årleg dugnadsdag mot framande arter**

Grunnlag for lokalsamfunnsutvikling. Det å lukkast med nedkjemping av kjempespringfrø kan bidra til auka samhald. Vurdera panteordning i samband med denne (til dømes ein sum per bossekk med framande arter). Kan vera eit insentiv til born og unge.

6. A. 6 **Krav til stadeigne planter**

Stilla krav ved utforming av grøntområde at det vert nytta stadeigne planter. Heradet har allereie rutine for å setja slike krav i plansaker. For heradet sine eigne område kan dette til dømes gjera i innkjøpsreglementet.

6. A. 4 **Rutinar ved grave eller byggeløyve for å hindra spreiding**

Framandartar vert spreidd ved flytting av massar. Setja krav til lokal handtering av massar forureina med framande artar, som til dømes soilsteam eller forbrenning. Setja krav til vasking av maskiner brukt til massehandtering ved transport inn/ut av prosjektområde med dei mest invasive fremandartane.

2. B. 2 **Gode rutinar ved slått langs vegkantar**

Viktig mtp. artsmangfaldet og for å få bukt med framandartar. For artsmangfaldet vil det som regel vil det vera mest optimalt med sein slått (i august). For å nedkjempa framandartar må det slåast fleire gonger gjennom sesongen.



TAKK FOR I ÅR!